



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 16.06.2026
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: kl 14.00 - 17.20

Møtedeltakarar	Parti
Gaute Hauge	AP
Sven Gil Westersjø	AP
Astrid Fossaa Viga	H
Bengt Åke Hauge	H
Johannes Soppeland	H
Leif Magne Kleppa	H
Torunn Munthe	H
Ståle Halsne	KrF
Asbjørg Kvame Hetlesæter	KrF
Anita Husøy Riskedal	SP
Arthur Fjeldheim Egeland	SP
Berit Søvik Østerhus	SP
Dagfinn Svadberg Hatløy	SP
Frode Riskedal	SP
Tårn Sigve Schmidt	SP
Anna Lena Kleppa	SP
Mari Madland	SP
Solveig Romsø Øye	SP
Silje Sværen	SV

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel
036/26	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
037/26	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
038/26	REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER
039/26	KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER

040/26	Seniorrådet årsmelding 2025
041/26	Råd for menneske med funksjonshindring årsmelding 2025
042/26	Tilstandsrapport Barnevern
043/26	1. tertialrapport 2026
044/26	Strategiske grep og handlingsrom, budsjett og økonomiplan 2027 - 2030
045/26	Handlingsregel for forvaltning av konsesjonskraft og bruk av inntekter frå sal av konsesjonskraft
046/26	RitS strategi. Vurdering av IT-drift og digitalisering
047/26	Endeleg fastsetting av lokal forskrift - fellingsavgift for hjort
048/26	Høyring - forslag om standardiserte minimumskrav om nullutsleppsløysingar og biogass på offentlege bygge- og anleggsplassar
049/26	Høyring - Forslag til endringar i konsesjonslova og til endringar i forskrift om overføring av mynde
050/26	Høyringsinnspel til Helsedirektoratet til tre nasjonale faglege råd om fysisk aktivitet i førebygging og behandling

036/26: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Forslag til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling:

Røysting:

Samøystes vedteke

KST - 036/26 **Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

037/26: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Forslag til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling:

Røysting:

Samøystes vedteke

KST - 037/26 **Vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

038/26: REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER

Sakene tas til orientering.

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling:

Grunngjeve spørsmål frå Asbjørg Kvame Hetlesæter:

- Kommunen har fått melding frå innbyggjar om lause steinblokker / uavklart rasfare i Krofjellet ved Steinslandsvatnet. Denne vegstrekinga er trafikkfarleg frå før grunna smal og uoversiktleg veg, høg fart og mykje tungtransport. Innbyggjar spør om kva som er gjort etter at kommunen mottok varselet og kva som vil bli gjort vidare i denne saka?
- SVAR: Spørsmålet er sendt vidare til Rogaland fylkeskommune og denne vegstrekinga vil ikkje bli prioritert for trafikksikring frå deira side, men ordførar og administrasjonen vil halde fram med å arbeide med dette. Ordføraren vil be administrasjonen purre på svar vedk. dei lause steinblokkene

Ordførar:

- Har feira IKA Rogaland sitt 50-års jubileum
- Har vore på eneralforsamling i Stavangerregionens Europakontor, kor kommunen er medlem
- Kjetil Sandvik på Nordskår har fått Fortidsminneforeininga sin vernepris for restaurering av eit naust
- Møte i referansegruppa til FRAM (Fylkesplan for regional utvikling, areal og mobilitet). Dette er ein plan som skal gjelde heile Rogaland
- Møte i Fjordvegen 13 - fekk snakka litt om Årdalstunnelen. Dagens trasé er over 10 km, noko som vil utløyse krav om to løp. Mest sannsynleg må ein jobbe for å sjå på trasévalet på nytt
- Hadde besøk av TV-aksjonen - i år går støtta til Flyktningshjelpen

Varaordførar:

- Har vore i representantskapsmøte i Ryfylke utdanningscenter

Røysting:

Samøystes vedteke

KST - 038/26 **Vedtak:**

Sakene tas til orientering.

039/26: KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER

Forslag til vedtak:

Saka vert tatt til orientering

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling:

Kommunedirektøren:

- Flytteprosess u-skulen: Planleggje flytteprosess for flytting av utstyr i september, og elevane startar etter haustferien. Opningsfest på skulen 14. november
- 50-årsjubileum for Randøy bru med markering på laurdag

Spørsmål frå folkevalde:

Sværen, SV:

Spørsmål vedk. ny ungdomsskule: Er det avsett midlar til kunstnerisk utsmykking i den nye skulen og symjehallen?

SVAR: Vi viser til dykkar førespurnad vedkomande kunst/utsmykking i samband med den nye ungdomsskulen. Prosjektet har ikkje fått løyvd budsjettmidlar til kunst eller utsmykking. Vidare er det, slik prosjektet no ligg an mot sluttfasen, ikkje høve til å prioritere eit slikt arbeid innanfor gjeldande rammer. På denne bakgrunnen vert det tilrådd at tiltak knytt til kunst og utsmykking vert spelt inn som ein del av budsjettarbeidet for 2027.

Kleppa, SP:

Udir har sett av midlar til opprusting av skulebiblioteka. Kva har Hjelmeland kommune søkt om og fått tildelt?

SVAR: Hjelmeland kommune søkte om tilskot til innkjøp av bøker til skulebiblioteka gjennom Utdanningsdirektoratet si tilskotsordning for skulebibliotek våren 2026.

Kommunen har fått tildelt kr 10 000 frå ordninga. Midlane skal nyttast til å styrke skulebiblioteka i tråd med føremålet for tilskotet.

I utlysinga vart det opplyst at tiltak i levekårsutsette område skulle prioriterast.

Utdanningsdirektoratet la til grunn at kommunar som deltek i områdesatsingar, kommunar i oppfølgingsordninga og kommunar som er oppførte i ROBEK, skulle prioriterast ved tildeling av midlar.

Tilskotsordninga kravde vidare ein kommunal eigenandel på 30 prosent. Med dei økonomiske rammene for oppvekstsektoren og vedtekne innsparingskrav i 2026, vart søknaden avgrensa til innkjøp av bøker til skulebiblioteka og ikkje til større tiltak knytte til personalressursar eller kompetanseutvikling.

Når det gjeld Suldal kommune si tildeling på over 1,1 mill. kroner, har ikkje Hjelmeland kommune kjennskap til innhaldet i søknaden eller grunnlaget for tildelinga. Storleiken på tilskota vil variere ut frå omfanget av søknadene og prioriteringane som er gjorde innanfor ordninga.

Røysting:

Samøystes vedteke

KST - 039/26 **Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering.

040/26: Seniorrådet årsmelding 2025**Forslag til vedtak**

Årsmeldinga Seniorråd 2025 vert tatt til orientering

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling:

Røysting:

Samøystes vedteke

KST - 040/26 **Vedtak:**

Årsmeldinga Seniorråd 2025 vert tatt til orientering.

041/26: Råd for menneske med funksjonshindring årsmelding 2025**Forslag til vedtak**

Saka tas til orientering.

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling:**Østerhus, SP:**

Meiner at rådet for menneske med funksjonshindring burde kunne nytte same mal for årsmelding som Seniorrådet til neste år.

Røysting:

Samøystes vedteke

KST - 041/26 **Vedtak:**

Saka tas til orientering.

042/26: Tilstandsrapport Barnevern**Forslag til vedtak**

Tilstandsrapporten vert teke til orientering.

10.06.2026 Formannskapet

Behandling:**Røysting:**

Samrøystes vedteke

FSK - 083/26 Vedtak:

Tilstandsrapporten vert teke til orientering.

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling:

Røysting:

Samøystes vedteke

KST - 042/26 Vedtak:

Tilstandsrapporten vert teken til orientering.

043/26: 1. tertialrapport 2026

Forslag til vedtak

Tertialrapport og finansrapport for 1. tertial 2026 blir teke til orientering, og budsjettendringar blir vedteke for drift og investeringar i tråd med oversikter i tertialrapporten.

08.06.2026 Arbeidsmiljøutvalet

Behandling:

- Terje Øen informerte om 1. tertialrapport 2026.
- Pr. 1. tertial går det bra med Hjelmeland kommune, mykje pga. gode kraftinntekter. Det er også god budsjettkontroll rundt omkring i kommunen.
- Kommunen har høg gjeld på grunn av store investeringsprosjekt. Det legg avgrensingar på drifta.

Røysting:

Samrøystes vedteke.

AMU - 024/26 Vedtak:

Tertialrapport og finansrapport for 1. tertial 2026 blir teke til orientering, og budsjettendringar blir vedteke for drift og investeringar i tråd med oversikter i tertialrapporten.

09.06.2026 Administrasjonsutvalet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

ADU - 014/26 Vedtak:

Tertialrapport og finansrapport for 1. tertial 2026 blir teke til orientering.

10.06.2026 Formannskapet

Behandling:

Spørsmål frå folkevalde:

Gaute Hauge, AP:

1. Tertialrapport, Eikehaugen, kva skjer med vidare utbygging med infrastruktur til B3 og B8. Forstår nå at tomt 31 skal starte bygging i sommar og at fleire er interessert i desse tomtene, kva er det som gjer at me ikkje får denne saka ?

Svar:

Administrasjonen held på med ei sak ang Eikehaugen som me ikkje nådde å leggja fram før sommaren. Det er fleire forhold som må avklarast. Ei av tomtene er selde.

2. Gladmat, denne er redusert til 300.000 kr frå 500.000 kr., inneber dette at administrasjonen skal utføre meir arbeid under sjølve gladmaten ?

Svar:

I behandlinga av budsjett for 2026 vart det kutta i beløpet avsett til Gladmat. Administrasjonen har oppfatta at det likevel er eit ønske at ein skal vera med på festivalen og har med det som utgangspunkt lagt over delar av ansvaret på eigne tilsette. Mest innsats til no har lagt på kommunalsjef Samfunn og næring og kundesenter. I samband med ytterlegare kutt på området Samfunn og næring (+3%) har administrasjonen valt å ta bort innleidd ressurs til reiseliv som tidlegare hadde ansvaret for Gladmat på kommunens vegne. Det har vore meir arbeid for kommunalt tilsette i førebuinga av Gladmat. Totalt sett har det vore markant lågare ressursbruk enn føregåande år

3. ÅOS. er det 2-3 ledige rom utan at det er nye søkere til langtidsplasser, blir det samkjørt at eventuelle ressurser blir flytta mellom dei to omsorgsentra i slike tilfeller ?

Svar:

ÅOS går med mindre grunnbemanning på dag og kveld no når det er ledige rom.

Det er stort sett ein mindre på dag og ein mindre på kveld fordi det er høgt sjukefråvær og ein del vakante vakter, det betyr at det ikkje blir leigd inn vikar ved sjukdom. Det er også fleire som har permisjonar og går redusert.

Det er derfor ikkje ressursar til å samkøyra personell med HOS. Men det blir samkøyrte ved å "dela" felles vikarar. Til dømes hadde ÅOS leigd inn ein sjukepleiarvikar ei helg, som HOS overtok fordi det var utfordringar på HOS.

4. Samlokalisering omsorg, er det her diskutert om desse investeringane skal settas ut til andre slik at me leiger/leaser desse bygga i framtida, dette ref. kommunedirektør i eldrerådet tidligare i vår.

Svar:

Det er førebels uklart kva modellar for samlokaliseringsprosessen som blir vald, då dette blir ei av kjerneoppgåvene til prosjektleiar som er på plass til hausten. Det er også grunnen til at det har teke lengre tid å lysa ut etter prosjektleiar. Det vil bli greia ut alternative løysningar som blir lagt fram for politisk behandling.

Leif Magne Kleppa (H)

I eit Formannskapsmøte tidligere i år var vedlikehald av kommunale vegar eit tema. Etter det eg hugser vart det sagt at det måtte gjerast tiltak eit par plasser på veien til Espeland, vegskulder var svært svak nokre plasser og store bilar likte ikkje å køyre på veien. Forsto det slik at kostnader på dette skulle komme i sak om budsjettjustering, eg kan ikkje sjå at det står noko om dette når forslag til budsjettjustering skal handsamast.

Er det mulig å få ein oppdatering på dette?

Svar:

Som omtalt over så er det 4 budsjettjusteringar som ikkje har komme med i lista på investeringar. Denne er no retta opp og blir send ut i ny versjon. Arbeidet på vegen er ikkje starta då me endå ventar på tilbakemelding ang grunnforhold og autovern. Arbeidet blir starta så raskt det lèt seg gjera.

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 084/26 Vedtak:

Tertialrapport og finansrapport for 1. tertial 2026 blir teke til orientering, og budsjettendringar blir vedteke for drift og investeringar i tråd med oversikter i tertialrapporten.

16.06.2026 Kommunestyret**Behandling:**

Endringsforslag - tilskot Hjelmeland fjellstyre, foreslått av Anita Husøy Riskedal, Senterpartiet
Hjelmeland fjellstyre får framleis årleg tilskot frå kommunen i tråd med formannskapsvedtak 53/23.

Røysting:

Endringsforslag frå A. Riskedal, SP: Samøystes vedteke

Innstilling frå formannskapet med vedteken endring: Samøystes vedteke

KST - 043/26 Vedtak:

Tertialrapport og finansrapport for 1. tertial 2026 blir teke til orientering, og budsjettendringar blir vedteke for drift og investeringar i tråd med oversikter i tertialrapporten og endringsvedtak vedk. fjellstyret:

Hjelmeland fjellstyre får framleis årleg tilskot frå kommunen i tråd med formannskapsvedtak 53/23.

044/26: Strategiske grep og handlingsrom, budsjett og økonomiplan 2027 - 2030**Forslag til vedtak**

Saka tas til orientering

10.06.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 086/26 **Vedtak:**

Saka tas til orientering

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

KST - 044/26 **Vedtak:**

Saka tas til orientering.

045/26: Handlingsregel for forvaltning av konsesjonskraft og bruk av inntekter frå sal av konsesjonskraft

Forslag til vedtak

Forvaltning av konsesjonskraft:

- *Minst 20 % av meldt uttak av konsesjonskraft skal seljast til fastpris. Volumet skal vere med å sikre budsjetterte inntekter som dekkjer delar av utgiftene til kjøp av kraft og andre utgifter til forvaltning.*
- *Minst 60 % av meldt uttak av konsesjonskraft skal seljast til spotpris. Dette skal sikre at kommunen i større grad følgjer prisane i marknaden.*
- *Inntil 30 % av kraftvolumet kan disponerast mellom sal til spotpris, fastpris eller setjast ut til ekstern forvaltning. Vurderinga vert gjort ut frå marknadssituasjon eller behov for sikring av inntekter.*
- *Kontraktsposisjonar på fastpris skal som hovudregel teiknast i året før kontraktsperioden, men dersom det er høve for å oppnå gode fastprisar kan inntil 40% av prognosert konsesjonskraftvolum teiknast på kontrakt for år 2 i kommande økonomiplanperiode.*

Kommunestyret tar punktet om budsjettering av konsesjonskraft til orientering.

10.06.2026 Formannskapet

Behandling:

Redigert forslag 085/26 (Forslag tillegg til kulepunkt 1 utgår), foreslått av Gaute Hauge, Arbeiderpartiet

Endringsforslag 085/26

Kulepunkt 2 endringsforslag:

Minst 40 prosent av meldt uttak av konsesjonskraft skal seljast til spotpris.....

Kulepunkt 3 endringsforslag:

Inntil 40 prosent kan disponeras mellom salg av spotpris og fastpris. (Ekstern forvaltning utgår)

Endring i forslag til vedtak

Kulepunkt 3 i innstilling frå kommunedirektøren endrast til “resterande kraftvolum”, i staden for 30%, pga ein reknefeil

Røysting:

Endringsforslag frå Hauge (AP): Samrøystes vedteke

Innstilling frå kommunedirektøren: Falt

FSK - 085/26 Vedtak:

Forvaltning av konsesjonskraft:

- Minst 20 % av meldt uttak av konsesjonskraft skal seljast til fastpris. Volumet skal vere med å sikre budsjetterte inntekter som dekkjer delar av utgiftene til kjøp av kraft og andre utgifter til forvaltning.
- Minst 40 % av meldt uttak av konsesjonskraft skal seljast til spotpris. Dette skal sikre at kommunen i større grad følgjer prisane i marknaden.
- Inntil 40 % av kraftvolumet kan disponerast mellom sal til spotpris og fastpris. Vurderinga vert gjort ut frå marknadssituasjon eller behov for sikring av inntekter.
- Kontraktsposisjonar på fastpris skal som hovudregel teiknast i året før kontraktsperioden, men dersom det er høve for å oppnå gode fastprisar kan inntil 40% av prognosert konsesjonskraftvolum teiknast på kontrakt for år 2 i kommande økonomiplanperiode.

Kommunestyret tar punktet om budsjettering av konsesjonskraft til orientering.

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling:

Nytt forslag, foreslått av Ståle Halsne, Kristelig Folkeparti

Forvaltning av konsesjonskraft:

- Minst 20 % av meldt uttak av konsesjonskraft skal seljast til fastpris. Volumet skal vere med å sikre budsjetterte inntekter som dekkjer delar av utgiftene til kjøp av kraft og andre utgifter til forvaltning.
- 80 % av meldt uttak av konsesjonskraft kan seljast til enten fastpris eller spotpris.

Kontraktsposisjonar på fastpris skal som hovudregel teiknast i året før kontraktsperioden, men dersom det er høve for å oppnå gode fastprisar kan inntil 40% av prognosert konsesjonskraftvolum teiknast på kontrakt for år 2 i kommande økonomiplanperiode.

Kommunestyret tar punktet om budsjettering av konsesjonskraft til orientering.

Røysting:

Endringsforslag frå Halsne, KrF: Falt

Innstilling frå formannskapet: Vedtatt mot 4 stemmer (Schmidt og A. Riskedal (SP), samt KrF)

KST - 045/26 Vedtak:

Forvaltning av konsesjonskraft:

- Minst 20 % av meldt uttak av konsesjonskraft skal seljast til fastpris. Volumet skal vere med å sikre budsjetterte inntekter som dekkjer delar av utgiftene til kjøp av kraft og andre utgifter til forvaltning.
- Minst 40 % av meldt uttak av konsesjonskraft skal seljast til spotpris. Dette skal sikre at kommunen i større grad følgjer prisane i marknaden.
- Inntil 40 % av kraftvolumet kan disponerast mellom sal til spotpris og fastpris. Vurderinga vert gjort ut frå marknadssituasjon eller behov for sikring av inntekter.
- Kontraktsposisjonar på fastpris skal som hovudregel teiknast i året før kontraktsperioden, men dersom det er høve for å oppnå gode fastprisar kan inntil 40% av prognosert konsesjonskraftvolum teiknast på kontrakt for år 2 i kommande økonomiplanperiode.

Kommunestyret tar punktet om budsjettering av konsesjonskraft til orientering.

046/26: RitS strategi. Vurdering av IT-drift og digitalisering**Forslag til vedtak**

1. Hjelmeland kommune går i forhandlingar med Stavanger kommune med mål om avtale om eit framtidig samarbeid på digitalisering, IKT-drift og utvikling/innovasjon
2. Kommunedirektøren vil komma tilbake til kommunestyret med økonomiske rammer når forslag til avtale ligg føre.
3. Kommunedirektøren får mandat til å finna form for struktur og organisering for samspelet og Hjelmeland kommune rolla si og påverknadskraft i eit eventuelt samarbeid med Stavanger kommune
4. Fram til avtale med Stavanger kommune er inngått eller det er semje om avvikling held fram Hjelmeland kommune som medlem i RitS
5. Avtale med Stavanger kommune føreset at kostnader ikkje aukar nemneverdig ut over dagens kostnad

08.06.2026 Arbeidsmiljøutvalet**Behandling:**

- Kommunedirektøren meldte seg inhabil i saka.
- Økonomileiar Øen orienterte om saka.
- AMU støtter forslaget til vedtak.

Røysting:

Samrøystes vedteke.

AMU - 023/26 Vedtak:

1. Hjelmeland kommune går i forhandlingar med Stavanger kommune med mål om avtale om eit framtidig samarbeid på digitalisering, IKT-drift og utvikling/innovasjon
2. Kommunedirektøren vil komma tilbake til kommunestyret med økonomiske rammer når forslag til avtale ligg føre.
3. Kommunedirektøren får mandat til å finna form for struktur og organisering for samspelet og Hjelmeland kommune rolla si og påverknadskraft i eit eventuelt samarbeid med Stavanger kommune
4. Fram til avtale med Stavanger kommune er inngått eller det er semje om avvikling held fram Hjelmeland kommune som medlem i RitS
5. Avtale med Stavanger kommune føreset at kostnader ikkje aukar nemneverdig ut over dagens kostnad

10.06.2026 Formannskapet**Behandling:**

Kommunedirektøren sit i styret i RITS og er inhabil i saka. Kommunalsjef oppvekst stilte som stedfortredar.

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 087/26 Vedtak:

1. Hjelmeland kommune går i forhandlingar med Stavanger kommune med mål om avtale om eit framtidig samarbeid på digitalisering, IKT-drift og utvikling/innovasjon
2. Kommunedirektøren vil komma tilbake til kommunestyret med økonomiske rammer når forslag til avtale ligg føre.
3. Kommunedirektøren får mandat til å finna form for struktur og organisering for samspelet og Hjelmeland kommune rolla si og påverknadskraft i eit eventuelt samarbeid med Stavanger kommune
4. Fram til avtale med Stavanger kommune er inngått eller det er semje om avvikling held fram Hjelmeland kommune som medlem i RitS

Avtale med Stavanger kommune føreset at kostnader ikkje aukar nemneverdig ut over dagens kostnad

16.06.2026 Kommunestyret**Behandling:**

Kommunedirektøren meldte seg inhabil, som styremedlem i RITS. Ruth Nina Fiskaa Rypestøl stilte som stedfortredar.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet: Samøystes vedteke

KST - 046/26 **Vedtak:**

1. Hjelmeland kommune går i forhandlingar med Stavanger kommune med mål om avtale om eit framtidig samarbeid på digitalisering, IKT-drift og utvikling/innovasjon
2. Kommunedirektøren vil komma tilbake til kommunestyret med økonomiske rammer når forslag til avtale ligg føre.
3. Kommunedirektøren får mandat til å finna form for struktur og organisering for samspelet og Hjelmeland kommune rolla si og påverknadskraft i eit eventuelt samarbeid med Stavanger kommune
4. Fram til avtale med Stavanger kommune er inngått eller det er semje om avvikling held fram Hjelmeland kommune som medlem i RitS

Avtale med Stavanger kommune føreset at kostnader ikkje aukar nemneverdig ut over dagens kostnad

047/26: Endeleg fastsetting av lokal forskrift - fellingsavgift for hjort

Forslag til vedtak

For å fastsette sats for fellingsavgift for hjort, i samsvar med ny viltressurslov som trer i kraft 1. juli 2026, blir følgjande forskrift vedtatt:

Forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgift for hjort, Hjelmeland kommune, Rogaland.

Heimel: Fastsett av Hjelmeland kommune 16.06.2026 med heimel i lov 20. juni 2025 nr. 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven) § 9 fjerde ledd og § 42 første ledd og forskrift 8. januar 2016 nr. 12 om forvaltning av hjortevilt § 5 og § 6.

§ 1 Opning av jakt

Det er høve til jakt på hjort og rådyr i Hjelmeland kommune.

§ 2 Minsteareal for hjort og rådyr

Minsteareal for godkjenning av vald og fellingsløyve for jakt på hjort og rådyr i Hjelmeland kommune er:

Hjort minsteareal dekar	Rådyr minsteareal dekar
750	500

§ 3 Fellingsavgift for hjort

Fellingsavgift blir kravd inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressurslova § 9 fjerde ledd. Satsar for fellingsavgift blir sett til maksimal sats for fellingsavgift gitt i Stortinget sitt budsjettvedtak.

§ 4 Ikraftsetting

Forskrifta trer i kraft 1. juli 2026, og opphevar frå same tid Forskrift om opning av jakt for hjort og rådyr, og fastsetting av minsteareal, Hjelmeland kommune, Rogaland - FOR-2025-03-18-497

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling:

Det vil bli lagt fram ei sak innan 15. mars 2027 om m.a. vurdering av minsteareal for vald for hjort og rådyr.

Røysting:

Samøystes vedteke

KST - 047/26 Vedtak:

For å fastsette sats for fellingsavgift for hjort, i samsvar med ny viltressurslov som trer i kraft 1. juli 2026, blir følgjande forskrift vedtatt:

Forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgift for hjort, Hjelmeland kommune, Rogaland.

Heimel: Fastsett av Hjelmeland kommune 16.06.2026 med heimel i lov 20. juni 2025 nr. 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven) § 9 fjerde ledd og § 42 første ledd og forskrift 8. januar 2016 nr. 12 om forvaltning av hjortevilt § 5 og § 6.

§ 1 Opning av jakt

Det er høve til jakt på hjort og rådyr i Hjelmeland kommune.

§ 2 Minsteareal for hjort og rådyr

Minsteareal for godkjenning av vald og fellingsløyve for jakt på hjort og rådyr i Hjelmeland kommune er:

Hjort minsteareal dekar	Rådyr minsteareal dekar
750	500

§ 3 Fellingsavgift for hjort

Fellingsavgift blir kravd inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressurslova § 9 fjerde ledd. Satsar for fellingsavgift blir sett til maksimal sats for fellingsavgift gitt i Stortinget sitt budsjettvedtak.

§ 4 Ikraftsetting

Forskrifta trer i kraft 1. juli 2026, og opphevar frå same tid Forskrift om opning av jakt for hjort og rådyr, og fastsetting av minsteareal, Hjelmeland kommune, Rogaland - FOR-2025-03-18-497

048/26: Høyring - forslag om standardiserte minimumskrav om nullutsleppsløysingar og biogass på offentlege bygge- og anleggsplassar

Forslag til vedtak

Hjelmeland kommune støttar ikkje forslag om å innføra standardiserte minimumskrav om nullutsleppsløysningar og biogass på offentlege bygge- og anleggsplassar.

Formannskapet er samde i intensjonen med å innføre krav som gjer reduserte utslepp, men innføring av forskrift medfører meir byråkrati, meir arbeid for forvaltninga og risiko for ei uønska konkurransevidning til fordel for større anleggsfirma. Dette vil igjen kunne gi avgrensa rom for mindre firma som skapar lokale arbeidsplassar.

Hjelmeland kommune meiner at intensjonane kan ivaretakast gjennom kravspesifikasjon i anbudsprosessane, og det er såleis ikkje trong for ei eiga forskrift.

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling:

Høyringsforslag, foreslått av Silje Sværen, Sosialistisk Venstreparti

Hjelmeland kommune er positiv til at det blir innført minimumskrav til nullutsleppsløysingar og bruk av biogass på offentlege bygge- og anleggsplassar.

Kommunen er positiv til at det lågaste nivået på 5% kan innførast frå 2027, men at dei største kutta blir tekne over lengre tid enn det som ligg i forslaget, slik at det blir:

5% i 2027

10% i 2029

20% i 2031

40% i 2035

For ein liten distriktskommune er unntaka frå forskriftskrava nemnde i paragraf 7 viktige .

Ordet formannskapet i andre avsnitt vert endra til kommunestyret i kommunedirektøren sitt forslag til vedtak, då saka ikkje vart behandla i formannskapet pga tidsbrist.

Røysting:

Alternativt forslag frå Sværen, SV: Falt

Opprinneleg forslag: Vedtatt mot 2 stemmer (SV og Kleppa, SP)

KST - 048/26 Vedtak:

Hjelmeland kommune støttar ikkje forslag om å innføra standardiserte minimumskrav om nullutsleppsløysningar og biogass på offentlege bygge- og anleggsplassar.

Kommunestyret er samde i intensjonen med å innføre krav som gjer reduserte utslepp, men innføring av forskrift medfører meir byråkrati, meir arbeid for forvaltninga og risiko for ei uønska konkurransevidning til fordel for større anleggsfirma. Dette vil igjen kunne gi avgrensa rom for mindre firma som skapar lokale arbeidsplassar.

Hjelmeland kommune meiner at intensjonane kan ivaretakast gjennom kravspesifikasjon i anbudsprosessane, og det er såleis ikkje trong for ei eiga forskrift.

049/26: Høyring - Forslag til endringar i konsesjonslova og til endringar i forskrift om overføring av mynde

Forslag til vedtak

Hjelmeland kommune gir følgjande høyringssvar til endringar i konsesjonsloven m.m.:

1.Hjelmeland kommune meiner at alternativ 2 - å fjerna § 9 a andre ledd – er den beste løysinga. Arbeidet med verdivurdering/priskontroll er ofte den mest arbeidskrevjande delen av behandlinga av konsesjonsbehandlinga, og forslaget gjer at kommunen berre for denne oppgåva i samband med reelle konsesjonssøknadar. Kommunen meiner også at prisspørsmålet også bør behandlast som del av ei heilskapleg vurdering av alle moment som skal vurderast i ei konsesjonssak.

2.Kommunen har ingen merknader til dei andre endringsforslaga.

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling:

Røysting:

Samøystes vedteke

KST - 049/26 **Vedtak:**

Hjelmeland kommune gir følgjande høyringssvar til endringar i konsesjonsloven m.m.:

1.Hjelmeland kommune meiner at alternativ 2 - å fjerna § 9 a andre ledd – er den beste løysinga.

Arbeidet med verdivurdering/priskontroll er ofte den mest arbeidskrevjande delen av behandlinga av konsesjonsbehandlinga, og forslaget gjer at kommunen berre får denne oppgåva i samband med reelle konsesjonssøknadar. Kommunen meiner også at prisspørsmålet bør behandlast som del av ei heilskapleg vurdering av alle moment som skal vurderast i ei konsesjonssak.

2.Kommunen har ingen merknader til dei andre endringsforslaga.

050/26: Høyringsinnspel til Helsedirektoratet til tre nasjonale faglege råd om fysisk aktivitet i førebygging og behandling

Forslag til vedtak

Hjelmeland kommune sender høyringsinnspel slik det ligg føre.

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling:

Røysting:

Samøystes vedteke

KST - 050/26 Vedtak:

Hjelmeland kommune sender høyringsinnspel slik det ligg føre:

HØYRINGSINNSPEL TIL HELSEDIREKTORATET TIL TRE NASJONALE FAGLEGE RÅD OM FYSISK AKTIVITET I FØREBYGGING OG BEHANDLING

Hjelmeland kommune viser til høyring med frist 30.06.2026. Me er glade for å få moglegheit til å uttale oss. Me har vald å dele dei tre råda opp slik at det er letter for oss å komme med ei oversikteleg fremstilling av innspela våre:

Fysisk aktivitet ved rusavhengigheit og skadeleg bruk av rusmiddel

Hjelmeland kommune stiller seg bak at fysisk aktivitet bør integreres som ein systematisk del av både poliklinisk og døgnbasert behandling. Me meiner samstundes at det må individualtilpassast etter kva den enkelte pasient treng og kor langt vedkommande har kome i eit eventuelt behandlingsopplegg. Polikliniske timer kan med fordel foregå utendørs på tur fremfor på eit kontor dersom pasienten samtykker til det. Dette har kommunehelsetenesta hos oss god erfaring med. Eit generelt råd kan vere 30 minuttar med fysisk aktivitet dagleg. Er ein i aktiv rus vil kanskje dette vere vanskeleg, men å da forklare til pasientane at dette har ei helsegevinst på lang sikt kan hjelpe dei til å gjere det på eit seinare tidspunkt. Her må sjølvstilt helsepersonellet vurdere mottakelegheita knytt til rusgraden til pasienten.

Kort strukturert samtale om fysisk aktivitet og rettleiande samtale

Me stiller oss særst positive til at helsepersonell både får betre rutiner for at dei må snakke med pasientane om fysisk aktivitet og at dei i tillegg får ein rettleiar på kva samtala skal innhalde. Dette er og eit stort skritt fram i eit folkehelseperspektiv med tanke på den klare samanhengen mellom det at å komme i gang med fysisk aktivitet gjer raskere recovery og betre total helse for pasienten. Dersom ein sikrer at personer som allereie har ein risiko blir bevisste på dette kan det lyfte den generelle helsa i befolkningen. Samstundes tenkjer me at ei kort strukturert samtale er noko alle pasienter hadde hatt god nytte av og ikkje berre noko dei risikoutsette pasientane treng ein samtale om. Og kvar går i så fall grensa med kvifor nokon sjukdommar som kvalifiserer for ein samtale om fysisk aktivitet? At ein i løpet av den samtala finn ut litt meir om kor motivert pasienten er eller om pasient treng ei lenger og veiledande samtale kan vere ein god ting for den vidare pasientkontakten. Me tenkjer at innholdet i den rettleiande samtalen då både må vere individualtilpassa, men og at den følgjer ein standard

Me ser og at det kanskje kan ver vanskeleg å gjennomføre i ein allereie travel kvardag for helsepersonellet. Det handler og mykje om motivasjon hos den enkelte pasient om det lar seg gjere å få til ein slik samtale. Her ser me både at compliance hos den enkelte pasient samt at helsepersonellet veit kvifor nokon tenester som finnes i kommunen er avgjerande for kor gode desse samtalanene vert. At helsepersonellet har god kunnskap om fysioterapitilbod, ergoterapitilbod og hjelpemiddelsentral.

For oss i ei lita kommune er det kanskje lettere å halde oversikt over dei ulike tilboda, men dette vil vere langt verre for eit helsepersonell med mykje fleire tilbod nærare rundt seg.